



Alver kommune
Arne Helgesen
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6816 - 22/10520

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
04.02.2022

Varsel om utsett frist for behandling av søknaden/kulturhistorisk synfaring - gbnr 131/21 Remme

Alver kommune viser til varsel frå Vestland fylkeskommune ved avdeling for kultur, idrett og inkludering (KII) datert 02.02.2022, som gjeld kulturhistorisk synfaring. Vestland fylkeskommune skriv at dei ikkje er kjend med at det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men området har topografiske trekk som gjer at det kan vere potensial for nye funn. På denne bakgrunn vurderer dei at det er naudsynt med kulturhistorisk synfaring før dei kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synføringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §9. Det er opplyst at synfaringa vil bli gjort så snart som råd.

Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka før dei har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Alver kommune viser til at det omsøkte tiltaket krev nærare avklaring i høve til kulturminneinteresser. Sakshandsamingsfristen vert difor forlenga med den tida som går med til å få gjennomført kulturhistorisk synfaring og kulturminnefagleg uttale etter kulturminnelova §§3 og 11, jf. plan- og bygningslova §21-5.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune
Sweco Norge AS

Postboks 4
Postboks 80 Skøyen

5906 FREKHAUG
0212 OSLO